# GARASJE, BOD O.L.

Søknad vert sendt til:

**Aukra kommune**
**Aukraringen 25**
**6480 AUKRA**



## Byggsøk

Det vert tilrådd at ein nyttar nettbasert søknad gjennom ByggSøk-bygning (www.byggsok.no). Systemet er gratis, og du får informasjon om utfylling undervegs. Ved å nytte ByggSøk får du samstundes ein betre kvalitetskontroll av søknaden.

## Garasjestørrelsen avgjer søknadstypen:

| | |
|---|---|
| Søknad etter plan- og bygningslovens § 20-2:<br>• Søknaden kan innsendast av tiltakshavar.<br>• Tiltakshavar (eigar) er sjølv ansvarleg for at tiltaket følgjer gjeldande krav etter plan- og bygningslova.<br>Bygningsmyndighetene kan ved tilsyn be om dokumentasjon på korleis krava i høve lova, konstruksjonstryggleik, brannvern og rømmingsvegar, universell utforming, planløysing, tryggleik i bruk og tekniske installasjonar m.v. er teke omsyn til.<br>**Søknad i <u>1 eksemplar</u> skal innehalde (jf. SAK 10 § 5-4):** | Ein enkelt frittliggjande bygning på utbygd eigedom.<br>Bygget må berre nyttast til garasje eller bod, ikkje til bustadrom.<br>Samla bruksareal eller utbygd areal på inntil 70 m². Bygget kan førast opp i inntil 1 etasje + evt. kjellar.<br>Kjellaren kan ikkje innehalde opphaldsrom og må ha himling mindre enn 1,5 m over planert terrengs gjennomsnittsnivå rundt bygningen.<br>Bygget kan ha loft dersom det har bruksareal på mindre enn 1/3 av underliggande etasje sitt bruksareal. Bruksareal på loft skal reknast med i det totale bruksarealet. |

| | |
|---|---|
| Søknadsblankett | NBR nr. 5153* |
| Kvittering for nabovarsel. Naboar skal varslast. Det skal koma fram av nabovarselet dersom det blir søkt dispensasjon. Søknaden kan ikkje sendast inn før fristen for nabomerknadar er utgått. | NBR nr. 5155 |
| Evt. merknadar frå naboar med utgreiing for korleis desse evt. er innarbeidd i prosjektet. | |
| Situasjonsplan Planen skal vise tilkomst, snuplass og målsatt avstand til grense, veg og bygg på same eigedom. Kartgrunnlag må være av nyare dato og vert tinga hjå kommunen. | |
| Teikningar fagmessig utført i målestokk, f. eks. M 1:100, av snitt, fasadar og plan av 1. etg. og evt. loft samt dokumentasjon av estetisk tilpassing. Byggets høgde (topp grunnmur) og forhold til eksisterande og framtidig terreng skal visast. | |
| Uttale eller avgjerd frå andre styresmakter (vegstyresmakt etc.) | |
| Evt. søknad om dispensasjon*<br>Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre vilkår, vert det kravd ein grunngitt søknad, jf. pbl § 19-1.<br>Søknad om dispensasjon frå det generelle avstandskravet til nabogrensa er ikkje naudsynt dersom det ligg føre skriftlig samtykke frå aktuell nabo eller garasjen er under 50 m² BYA/BRA, jf. pbl § 29-4 og TEK 10 § 6-4. | |

*** Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning**

Sjå neste side

# GARASJE, BOD O.L.

| | |
|---|---|
| **Søknad etter plan- og bygningslovens § 20-1**<br>Søknad om større garasjar/boder/etc. må sendast inn av føretak som kan godkjennast som ansvarleg søkar, evt. tiltakshavar med ansvarsrett som sjølvbyggar<br><br>**Komplett søknad i <u>1 eksemplar</u> skal innehalde (jf. SAK § 5-4):** | Større garasjar, bod, etc. |
| Søknadsblankett inkl. ansvarsrett for søkar | NBR nr. 5174*, 5175*, evt. 5159* og 5160* |
| Kvittering for nabovarsel. Det skal koma fram av nabovarselet dersom det blir søkt dispensasjon. Søknaden kan ikkje sendast inn før fristen for nabomerknadar er utgått. | NBR nr. 5155 |
| Evt. merknadar frå naboar med utgreiing for korleis desse evt. er innarbeidd i prosjektet. | |
| Situasjonsplan med garasjen teikna inn på plan . Planen skal vise tilkomst, snuplass og målsatt avstand til grense, veg og bygg på same eigedom. Kartgrunnlag må være av nyare dato og vert tinga hjå kommunen. | |
| Teikningar fagmessig utført i målestokk, f. eks. M 1:100, av snitt, fasadar og plan av 1. etg. og evt. loft, samt dokumentasjon av estetisk tilpassing. Bygget si høgd (topp grunnmur) og forhold til eksisterande og framtidig terreng skal visast. | |
| Gjennomføringsplan med oversikt over ansvarsområder inndelt i godkjenningsområder og etter tiltaksklasser, kontrollområder, ansvarlige føretak og gjennomføring av oppgåvene. | NBR nr. 5185* |
| Søknad om ansvarsrett for prosjekterande, utførande og evt. kontrollerande | NBR nr. 5181* og evt. 5159* og 5160* |
| Uttale eller avgjerd frå andre styresmakter (vegstyresmakt etc.) | |
| Evt. søknad om dispensasjon*<br>Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre vilkår, vert det kravd ein grunngitt søknad, jf. pbl § 19-1.<br>Søknad om dispensasjon frå det generelle avstandskravet til nabogrensa er ikkje naudsynt dersom det ligg føre skriftlig samtykke frå aktuell nabo eller garasjen er under 50 $m^2$ BYA/BRA, jf. pbl § 29-4 og TEK 10 § 6-4. | |

*** Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning**

### Generelt om utforming av garasjar

Ved bygging av garasje på bustadeigedom må utforminga harmonere med bustadhuset. Det bør brukast same type kledning, taktekking, lister, beslag m.m. – og takvinkelen bør ikkje være brattare enn på bustadhuset.

### Når kan arbeidet ta til?

Arbeidet kan ta til 3 veker etter at søknaden er motteken i kommunen dersom følgjande vilkår er ivareteke (jf. pbl § 21-7):

- Arbeidet er i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av pbl (ingen dispensasjon).
- Det ligg ikkje føre merknadar frå naboar eller gjenbuarar.
- Det er ikkje naudsynt med ytterligare løyve, samtykke eller uttale frå andre styresmakter.
- Kommunen har ikkje gjeve melding om forlenga sakshandsamingsfrist, jf. SAK 10 § 7-3.

Dersom desse vilkåra ikkje er ivareteke, kan arbeida ikkje ta til før det ligg føre skriftlig løyve frå kommunen. Ein tilrår at ein tek kontakt med kommunen før arbeidet startar.

**Garasjen/boden kan ikkje takast i bruk før det er gjeve bruksløyve eller ferdigattest.**